



FOLKEMUSIKK OG DANS

HARDING FOLK

HARDANGER SPELEMANNSLAG

ÅRSMELDING HARDANGER SPELEMANNSLAG 2011 OG ARBEIDSPLAN 2012- 2013

Styret og valde representantar

Styret har i meldingsåret hatt 4 styremøte.

Halldis Folkedal- leiar
Birte Handeland- nestleiar
Anne Marie Øydvin- kasserar
Eirin Tjøflot- skrivar
Trond Steine- styremedlem

Varafolk: Alexander Aga Røystrand, Else Marie Sandal og Aurora Opheim Århus

Revisorar

Anita Bråvoll og Birgit Eiken

Representantar til Hardanger folkemusikksamling

Tina Kjerland

Representant til styringsgruppa for hardingfelesenteret

Tina Kjerland til februar 2012 (vart tilsett som prosjektleiar)

Styret for Anders Kjerlands Minnefond

Arne Jordan med Øystein Velure som vara

Rådet for Hordaland folkemusikklag

Leiar i laget (styret peikar evt. ut vara)

Utsettingar til årsmøte i FolkOrg

Leiar i laget møtte på årsmøtet i FolkOrg på Røros

Tal på medlemer 2011

Laget har i 2011 hatt 77 betalande medlemer. Dette er ein relativt stor nedgang frå i fjor. FolkOrg skulle i 2011 etablere eit nytt medlemssystem, men det har dukka opp mange problemer i samband med det nye systemet. Det har mellom anna medført at somme ikkje har fått tilsendt medlemsgiro.

Kulturpolitisk arbeid

Hardanger spelemannslag ynskjer å vera ein sentral kulturaktør i Hardanger, ved å styrka lokale tradisjonar innanfor dans og musikk. og auka medvitnet kring dette. Me ynskjer å synleggjera, og grunngje kvifor arbeidet vårt er viktig, og knyta dette opp til prinsipp som Unesco sin konvesjon om ikkje- materiell kulturarv.

Hardanger spelemannslag har i perioden vore:

- Deltakar i den offentlege debatten angående hardingfelesenteret, mellom anna ved å senda inn høyringsutsegn og i media (radioinnslag).
- Vore aktør i forhold til prosjektet Hardingdans. Hardingdans er eit prosjekt i regi av kulturskulane i regionen, der ein ynskjer å styrka dansetradisjonane i regionen ved hjelp av profesjonelle utøvarar innanfor dans og musikk. Hardingdans hadde oppstart februar 2012.

Arbeidsplan neste periode

- følgja opp forprosjektet og representera våre interesser i forhold til hardingfelesenteret
- vera representert i drøftingar rundt Hardanger 2014

Informasjon/ organisasjon

For å kunna vera ein sentral aktør må informasjon om arbeidet vårt nå fram. Hardanger spelemannslag har i perioden prioritert dette:

- Synleggjering i form av at ein har oppretta heimesida. Denne sida skal syna aktivitet innanfor folkemusikk- og dansefeltet i regionen, og vera ein informasjonsbase for medlemmer i laget.

Arbeidsplan neste periode

- Bruka nettside aktivt til informasjon og kontaktbase for feltet i Hardanger
- Få fleire medlemmer

Formidling, opplæring og dokumentasjon

Hardanger spelemannslag ynskjer å vera ein sentral formidlingsarena, både i forhold til konsertar og andre instansar i samfunnet, til dømes skular og kulturskular. Me ynskjer å arbeida for utøvarar og grasrot. Me ynskjer å styrka det faglege arbeidet, både opp mot opplæring og dokumentasjon.

Hardanger spelemannslag har i perioden gjort dette:

- arrangert konsertar og kurs
- hatt eit aktiv juniorlag, med øvingar ein gong i månaden
- hatt deltakarar som representerer laget på kappleikar
- arbeid med å få på plass samtidsdokumentasjonsprosjektet

Arbeidsplan neste periode

- konsertarrangering
- halda fram det gode arbeidet med juniorlaget og arbeida for å få til samlingar med juniordansarar
- presentasjon på kappleikar
- arbeida med samtidsdokumentasjonsprosjektet, utarbeida ein plan i lag med andre aktørar for kven som bør dokumenterast
- arbeida vidare med Dans, spel, song- alt pao ein gong mellom anna ved å setja ned ein arrangørkomité